

Kunnskapsdepartementet

Universitets- og høyskoleavdelingen Kunnskapsdepartementet

postmottak@kd.dep.no.

Vår ref.

07/89-1/N-210//OYAD

Dykkar ref.

Dato:

12.01.2007

Høyringsuttale - Fagskulelova

Kvam herad vil gjerne støtte den uttalen som arbeidsgruppa for Hardanger kunstsule (Selskap under stifting) har gitt.

Heradet meiner planane dei arbeidar med er interessante for Kvam, og for heile regionen.

Vidare viser me til notat 29.11.06 der Kvam herad og fagskulelova er omtala spesielt.

Me viser og til saksutgreiinga i Hordaland Fylkeskommune i sak om 'Strategiplan for fagskulane i Hordaland Fylkeskommune' der fylket viser til høyring i samband med den saka og skriv at "I Kvam er det ytra ønskje om fagskuletilbod innan kunstfaget."

Kvam herad ser for seg å medverka til at det vert etablert fagskuletilbod i heradet.

Lovframlegget skulle etter vår meining vera eit godt grunnlag for å føra vidare dette arbeidet.

Med helsing

Øystein Ådland
Kommunalsjef

Vedlegg:

1. 'Uttale om framlegg til ny Fagskulelov fr Hardanger Kunstsule (sus).
2. NOTAT dagsett 29.11.06 v/ Øystein Ådland til politisk leiing i heradet.

KVAM HERAD

«Soa_Navn»

1.

Uttale om framlegg til ny Fagskulelov frå Hardanger Kunstskeule (sus).

Generelt:

Det er positivt at departementet no legg fram forslag til ny fagskulelov. Vi ser på lovframlegget som ei rammelov der lovgjevar i stor grad gjev departementet høve til å utarbeida forskrifter. Dette er etter vår meining viktig til å kunna få eit fagskulesystem som er tilstrekkeleg fleksibelt til å ivareta behova for eit aktiv og fornyande fagskulesystem. Lova vil i ein overgangsfase vera avgjerande for både eksisterande skular som søker om fagskuleutdanning, og nye tilbydarar som søker om dette. Det er viktig at lova møter begge desse situasjonane.

§ 1 Formål og virkeområde.

Godkjenning: Det er eit omfattande arbeid som skal til for å få godkjent ei fagutdanning. NOKUT må derfor gjevast tilstrekkeleg kapasitet slik at NOKUT kan vera eit rådgjevingsorgan for offentlege/private instansar som arbeider for å få godkjent eit fagskuletilbod. Det er og viktig at godkjenningssprosessen ikkje tar lang tid.

Opptak: Vi støttar departementets syn om at realkompetansevurderingar skal vera individuelle og reelle i forhold til den aktuelle utdanninga. Dette vil gje den nødvendige fleksibilitet for opptak av studentar.

Yrkesretta: Fagskuleutdanninga må ha to siktemål. For det første skal ho vera ei sjølvstendig, avslutta utdanning sikta mot arbeidslivet. For det andre skal ho tena som innfasing til høgare utdanning. Dette siste vil stimulera fleire til å ta fagutdanning og kunna sjå denne i ei vidare planlegging av yrkeskarriere. Det er positivt at omgrepet yrkesretta ikkje snevert skal peika på eit bestemt yrke, men at det er kompetanse som skal brukast i arbeidslivet, som er sentral. Noko anna ville vera direkte i strid med behovet for eit fleksibelt yrkesliv der arbeidstakarar stadig vil måtta utvikla yrkesplattformen sin for å møte framtidige behov i arbeidslivet.

§ 2 Godkjenning.

Vi presiserer utfordringa om at NOKUT må verta ein rådgjevings- og hjelpeinstans for tilbydarar. I tillegg må godkjenningssprosessen bli så pass klar, enkel og objektiv at ikkje initiativ frå tilbydar druknar i ein omfattande, tidkrevjande og kosteram prosess.

Tilbydar bør kunna få ein garanti i løpet av godkjenningssprosessen om statstilskot med atterhald om godkjenning og tilstrekkeleg studenttal. Viss ikkje vil eit omfattande arbeid kunna vera til fånytt og initiativdrepende for tilbydar.

Vi har ingen merknad til understreking av kravet om kvalitetssikring. Den bør vera streng og klar, og ei godkjenning må kunna trekkjast tilbake.

§ 8 Statlig tilskudd til fagskuleutdanning.

Vi har ingen merknad om at godkjenning og tildeling av statstilskot må skiljast. På den andre sida er det vesentleg at tilbydar til ein del fagskuleutdanningar, t.d. gjennom kunst og design, får tidleg signal om statstilskot. Vi ser at enkelte utdanningar innafor t.d. meir klare yrkesutdanningar lettare vil kunna finansierast med hjelp frå næringslivet.

Hardanger Kunstskeule (Selskap under stifting)

Øystese 11/01 2007

Anna Stina Næss, prosjektleiar

Hanne Borgersen, prosjektansvarleg

Dag Storås

Svein Ove Duesund

Dag Rune Mo

Knut Markhus

Jan Tjosås